



## Notat

Dato  
13.03.2024

### Helseplattformen på Søre Sunnmøre legevakt

Søre Sunnmøre legevakt er eit interkommunalt samarbeid med Volda kommune som vertskommune. Personalet ved legevakta består av sjukepleiarar i 50 % - 100 % stillingar, ambulanspersonell i 20 % - 40 % stillingar og legar. Legane ved legevakta er i all hovudsak fastlegane og LIS1-legane (tidlegare kalla turnuslegar) på Søre Sunnmøre. I løpet av eit år er det om lag 75 ulike legar innom på vakt. Tal vakter varierer frå <1 til 3-4 pr mnd. Dei som har sjeldnast vakt, er her berre på nattlegevakt.

Fastlegeløysinga i Helseplattformen (HP) vert for tida pilotert på 2 legesenter i Midt-Noreg, Øya legesenter i Trondheim og Vanylven legesenter. Det foregår ei utvikling av fastlegeløysinga, med sikte på at den skal verte konkurransedyktig i forhold til løysingane som vert nytta av fastlegar i dag. Per i dag er løysinga ikkje klar for utrulling. Dette orienterte HP om i møte med 7-stjerna i Ulsteinvik 1.mars.

Ut over Vanylven, som har eit svært lågt volum av pasientar på legevakt, er det berre Trondheim legevakt som i dag nyttar HP på legevakt. Trondheim legevakt har ei løysing som er spesielt utvikla for dei, der dei på legevaktsentralen nyttar programmet Transmobil som er integrert med HP. Transmobil-løysinga vert ikkje nytta på nokon andre legevaktsentralar i Midt-Noreg og er ikkje tenkt innført andre stader. I nemnte møte i Ulsteinvik 1.mars opplyste leiar for utviklinga av fastlegeløysinga at han rekna med å få ansvaret for også å utvikle legevaktløysinga i HP. Per i dag er det ikkje eigne ressursar til utvikling av legevaktløysinga, i følge det som vart opplyst i Ulsteinvik 1.mars. Det har vore store utfordringar med HP på Trondheim legevakt, og det er framleis utfordringar snart 2 år etter oppstart. I samtaler med leiarar og fagleg tilsette ved Trondheim legevakt er det opplyst om at eit betydeleg problem knyter seg til omfattande opplæringsbehov, der det særleg for legevaktlegar som sjeldan har vakt er utfordringar. Vidare vert det opplyst at tidsbruken pr konsultasjon har gått opp, og det har vore betydelege ekstrakostnader til personale. Det har og vore mykje feil med økonomi og rekneskap, og med pasientrelaterte oppgåver. Feilretting og endring har tatt lang tid.

Legevakt er eit av dei områda som vil kunne ha nytte av visjonen «ein innbyggjar, ein journal» dersom den fungerer godt. Ved legevakta er det eit stort tal ulike legar, pasientar frå fleire kommunar, pasientar som ikkje har fastlege her i området, lite informasjon, ofte tidskritiske tilstandar og stor arbeidsmengd. HP framstår likevel som så omfattande og komplisert, at det vil vere svært utfordrande å ta i bruk HP på legevakta. Sjølv om HP leverer ei konkurransedyktig løysing, vil det omfattande opplæringsbehovet vere ei svært stor utfordring, særleg for legane. Ved andre institusjonar som har teke i bruk HP, har ein nytta superbrukarar som ein viktig del av innføringa. Ved legevakta er det ved ordinær bemanning berre ein lege på vakt alle netter, og på kveld og dagtid helg er det to legar på vakt om lag halvparten av tida. Resten av tida er det berre ein lege på vakt, og den einskilde lege har relativt sjeldan vakt. For å kunne ha superbrukar tilgjengeleg for vakthavande lege vil ein nesten måtte doble legebemanninga i lang tid dersom ein skal gjere legane i stand til å nyttiggjere seg systemet. Dersom ei innføring skjer samstundes med at fastlegekontora tek i

bruk HP vil det kunne vere meir overkommeleg, forutsett at dei to arbeidsflatene er nokonlunde gjenkjennelege.

Sjukepleiarane ved legevakta går alt i dag gjennom omfattande kursing og opplæring før dei kan arbeide sjølvstendig ved legevaktsentralen. Dette gjer at det er krevjande å skaffe vikarar. Om HP vert innført er det behov for ytterlegare opplæring av sjukepleiarar, og dermed vil det kunne bli ytterlegare krevjande å få tak i vikarar.

Helseplattformen har i dag ikkje ei løysing for legevakt som er klar til bruk, og eventuell avgjerdsle om bruk på Søre Sunnmøre legevakt må takast etter at ei legevaktløysing er.

Med helsing

Erlend Bae  
seksjonsleiar legevakt